

# Årsmelding Bømlo Tur- og Sogelag Til årsmøtet 2018

## Årsmøte

Årsmøte i Bømlo Tur- og Sogelag for 2017 vart halde 27.04.2017.

## Styremøte

I året 2017 vart det halde 4 ordinære styremøte i Bømlo Tur- og Sogelag.

## Vedlikehald

**Bergehuset:** Eit nytt vindauga vart sett inn i andre etasje i veggen mot vest. Huset vart grundig vaska og malt to strøk. Eit lite bislag til vern mot vind og ver vart sett opp rundt inngangsdøra. Oppgradering av smia vart utført, m.a. med montering av ny ambolt.

**Fridtun:** Alle gjenstandar av tre vart sett inn med antiparasitt. Loftsetasjen vart rydda, og sperrer og sutak sprøyta med antiparasitt.

**Karinestova:** Huset vart malt eitt strøk.

**Ådnahytta:** To sider av hytta vart malt. Nøkkelboks vart hengt opp ved inngangsdøra. Kuppel og radar vart malt.

## Turstikonkurransen

Turstikonkurransen vart arrangert på vanleg måte. Det var lav deltaking i år. Pengepremiar vart utdelte på julemessa i Langevåg Bygdatun 18.11.2017.

## Arrangement

Tradisjonen tru vart skjærtorsdag på Berge arrangert også i år. Sal av pølser i brød, vaflar og kaffi. Gratis saft. Utlodding. Omlag 100 personar deltok. Veret var bra, men det var svært vått i turløypa. Haugesund Sparebank vart profilert med reklame. Nokre personar melde seg inn som medlemmer i laget.

På kystsogedagen 26.08.2017 var sogelaget representert med stand. Her selde me Leidarsteidn og boka om Eidesvik-reiarlaget. Haugesund Sparebank vart profilert med reklame.

Krabbafesten om hausten vart i år bytta ut med eit arrangement me kalla "Salt kjøt og erter". Omlag 85 personar deltok. Mange var tilreisande i bobil. Mikal Heldal kåserte om sjømannskost. Det vart servert salt kjøt og erter, kaffi og kringle. Liv Olson vart tildelt æresmedlemskap i Bømlo Tur- og Sogelag. Svanhilds Orkester spela til dans. Haugesund Sparebank vart profilert med reklame.

## Leidarsteidn

Årsheftet Leidarsteidn var klar for sal på julemessa 18.11.2017. Haugesund Sparebank vart profilert med reklame. Salet av Leidarsteidn gjennom året gjekk svært bra, med om lag 650 selde eksemplar.

## **Gåver**

Frå Langevåg Bygdatunet fekk me to rastebord til utplassering ved turstiane. Frode Urangsæter innkalla til dugnad for å setja opp borda. Omlag 10 personar møtte, både medlemmer av sogelaget og andre. Borda måtte modifierast litt før dei kunne utplasserast. Stor takk til Bømlo Skipsservice som utførte dette arbeidet gratis. Eitt bord vart plassert på Nipane og eitt ved Bergesvatnet.

Frå Arne Martin Anddal har me fått ein del reiskapar og fiskeutstyr. Gjenstandane er plasserte i utstillinga på Fridtun.

Frå Bernhard Nilssen har me fått eit stort skilt med HSD-logo og namnet Langevåg. Me fekk også ei fin gammal parafinpumpe. Desse gjenstandane har vore i bruk på butikken til Ole Barene på Vorland. Gjenstandane er plasserte i utstillinga på Fridtun. I tillegg fekk me ein god del gamle dokument og rekneskapsbøker frå same butikken. Dette er plassert i arkivet på Bygdatunet.

Frå dødsbuet etter Håkon og Olaug Kalve Størkson har me fått ein del gamle biblar, songbøker og huspostillar. Desse er plasserte i arkivet på Bygdatunet.

## **Representasjon**

Bernt Emil Vika deltok på Hordaland Sogelag sitt årsmøte på Os 04. - 05.02.2017.

Norvald Nyteveit og Bernt Emil Vika deltok på dialogmøte med Bømlo kommune 21.02.2017.

Bernt Emil Vika var delegat på Landslaget for lokalhistorie sitt årsmøte på Gjøvik 05. - 07.05.2017.

Bernt Emil Vika deltok på kurs om administrasjon av sogelag 19.09.2017. Hordaland Sogelag var arrangør.

Ivar Barane og Bernt Emil Vika deltok på sponstreff i Haugesund Sparebank 01.11.2017.

## **Bokprosjektet "Tilbakeblikk"**

Nokre møte om bokprosjektet fann stad våren 2017. Deltok på møtet gjorde Bernt Emil Vika, Benthe Hovland Bergtun og Finn Bakke.

Bømlo, 25.02.2018

*Lars Inge Vestvik*  
(sign.)

Hovudsponsor:



**Haugesund Sparebank**